

Framtida for Sunnhordlendingen.

Medlemstalet stabiliserer seg på vel 20. Nokre få av den yngre generasjon har vist interesse for å bruke hytta, og meldt seg inn i laget. Vi ser fram til at fleire gjer det samme.

Sunnabu

I 2010 var det underskot på drift av hytta. Vi må ha inntekter på om lag 20 000 for å dekka dei faste utgiftene. Det er kome til veiavgift, parkeringsavgift, løypeavgift, eigedomsskatt, dyrare straum og ein stadig aukande forsikringspremie. Hytta står mykje tom, så løysinga er å få fleire til å leige. Har du naboar eller kolleger som kan tenkja seg å leige hytta, så gi dei adressa: <http://sunnhordlendingen.no/hytte.htm> I år var det sein påske, og ingen medlemer viste interesse for å ta påskeferien på hytta. Dei andre "faste kundane" våre hadde også andre planar. Vi prøvde difor noko nytt: Annons på FINN.NO under "Feriehus og hytter". Annonsen stod inne i 4 månader for kr. 700. Vi fekk leigt ut mesteparten av påskehelga og 2 uteleiger i sommar. Det vart ein del ekstraarbeid før og etter uteleige, men det kan vera ein veg å gå.

Dugnadsarbeid.

Innvendige dører som var malingslitne, har fått eit strøk med bondeblått og rosenraudt. Det er montert ein ny panelomn, og saman med ein ny vifteomn er det no raskare å varma opp hytta. Automaten som skal gi varm hytte kvar fredag, fungerer framleis, sjølv om han går litt feil. Kanskje skulle vi investert i automat som kan styrast frå mobiltelefon. Utvendig har dei mest malingslitne veggane fått eit nytt målingstrøk. Elles er det utført vanleg ettersyn av tak og opprydding rundt hytta. Det gamle brunn-huset var i ferd med å gå i oppløysing. Det er erstatta av eit brunn-lokk av trykkimpregnert materiale, så det bør halde ei stund. Brunnen ligg der som reserve i tilfelle brann. Før eller seinare må vi ta ned granene på framsida av hytta. Dei har vakse seg kjempestore. Er det nokon som vil ha det grovaste tømmeret, kan dei få høgge dei ned. Toppene og dei største greinene er nok til ved i mange år for hytta.

Rekneskap for 2011

Årsmøtet skal helst vera om våren. Lenge var det slik at det vart utsett til om hausten, og i fjor tok vi sprangset over til våren igjen ved å avvikle to årsmøte i eitt. Så no er vi i rute, og rekneskapet for 2011 blir presentert på årsmøtet i mars og lagt ut på www.sunnhordlendingen.no så snart det gjort opp og revidert i februar.

Sunnavind *God Jul!*

Meldingsblad for Bygdelaget Sunnhordlendingen. Nr. 1 2011
92. årg Nettversjon: <http://sunnhordlendingen.no/sunnavin.htm>

Åkrafjordkveld fredag 2. desember kl 20 i Gimle

Tilskipar: Olav K. Fjæra

I småsalen 2.
høgda, inngang
frå K.Oscarsgt
18.

Kaffi og kaker.

Godt program!

Sunnhordlendingin
gar og andre er
velkomne!



Foto: Langfossen (Tatt av Espen Mills)

Olav K. Fjæra syner to kulturfilmar frå Åkrafjorden.

I hovudrollen: Ingvald Skålnes, frå Åkra.

Lars Erik Tjeldflåt, Åkra, kåserer om Åkrafjorden og åkerfjøringar.

Song ved Olav Markhus.

Dette nr av Sunnavind blir sendt ut til nokre fleire enn dei som står registrert som medlemer i dag. Dersom du vil bli registrert som medlem igjen, kan du betale inn kr. 200,- til konto **0540.08.55937**.

Følg med i kva som skjer på www.sunnhordlendingen.no

Vi har tatt inn ei lysing for møtet som Ola-guten skipar til på førstkomande fredag. Vi oppmodar alle medlemer om å stille opp. Sjølv om dette ikkje er eit lagsmøte for Bygdelaget Sunnhordlendingen, reknar eg med at det blir ein del "gamle sunnhordlendingar" som møter opp og nyttar høvet til å mimre om gamle dagar.

Så møt fram!

Årsmøte i Bygdelaget Sunnhordlendingen

Fredag 16. mars 2012

Stad: Sunnabu

Sakliste:

1. Årsmelding for 2011.
2. Rekneskap for 2011
3. Medlemskonting.
4. Drift av Sunnabu.
5. Val.
6. Eventuelt.

Bilete: Det var ein gang ein brunn, men det var i gamal tid....



Dersom det er stemming for det, kan det denne helga også arrangerast veteran treff og 51-årsjubileum for hytta laurdag 17. mars. 50-årsjubileet i fjor var det ingen som kom på å gjera nokon blest av. Er det nokon som tar det som ei utfordring?

Plan for drift av hytta våren 2012:

(sjå også <http://sunnhordlendingen.no/utleige.htm>)

Ei helg kvar månad disponibel for alle medlemer: Hytta blir då ikkje utleigd dersom nokon melder seg interessert i å koma (frist torsdag):

13.-15.. januar: Sesongstart. 10.-12.. februar: Vin- og biffkveld. 16.-18. mars: Årsmøtehelg med veteran treff. 20.-22. april: Solbading.

Alle andre helger og veker prøver vi å leige ut til medlemer eller andre.

Fordeling av hytta skjer slik i sesongen (januar-april):

For utleige ei helg:

Fordeling skjer torsdag kl. 19.00 8 dagar før utleige. Alle som har meldt seg innan den tid, vil bli vurdert. Medlemer har fortrinnsrett. Dersom ingen har meldt seg, gjeld "først til mølla" etter det tidspunkt. Inntil ei helg kvar månad kan "seljast" på førehand utan tidsfrist til eksterne/interne leigetakrarar. Hyttestyret kan dermed straks svare ja på forspørslar om hytteleige framover i tid.

Dei helgane hytta står disponibel for medlemer (ei helg kvar månad):

Dersom ingen har meldt seg interessert i å nyttja hytta før torsdag (1 dag før helga), kl. 19.00, kan hytta leigast ut etter prinsippet "først til mølla". Når hytta ikkje er utleidt (dvs. vanlegvis) er hytta disponibel for spontan oppreising etter avtale med hyttesjef.

Vinterferie 2012 (27.februar-2.mars)+helga før eller etter:

Utleige til markedspris (min kr. 5 000 , kr. 3 500 for medlemer). Tildeling mellom dei som har meldt interesse, torsdag 12.januar kl. 19.00. Dersom ingen har meldt seg før dette tidspunkt, så blir hytta leigd ut til eksterne eller medlemer etter prinsippet "først til mølla".

Påskeferie med palmehelg 2012 (30.mars – 9. april) (kan f.eks. delast i to):

Fordeling skjer torsdag 12. januar kl.19.00 mellom dei som har meldt seg interessert til dess. Etter det skjer tildeling etter prinsippet "først til mølla" eller hyttestyret kan velja å leiga ut komersielt dersom det er ledig tid.

22 medlemer i Sunnhordlendingen i 2010 (dei som betalte giroane som vart sendt ut i desember 2010):

Britt Karin Hegdal, Atle Jan Røyrvik, Knut Skålnes, Atle Tornes, Anne Britt Tornes, Anne Sofie Totland, Kari Aarbakke, Alf M. Bakke, Inga Tveito, Kirsti Havikbotn, Lars Olav Tveita, Olav Kvernenes, Per Aga, Gunnbjørg Skålevik, Jan Steinar Urdshals, Anne Marie Havnælid, Olav Bjørgen, Reidun Rusås, Reidar Rusås, Vegard Havikbotn, Ragnhild Hanssen Nedrevåg, Ronny Nerdevåg. Knut Skålnes gjekk bort i år. Han hadde då stått som medlem i Sunnhordlendingen i over 50 år, og kona sa at han hadde insistert på å vera medlem sjølv etter at han var kome på sjukeheim.

Referat frå årsmøtet 2011.

Årsmøtet vart avvikla fredag 12. mars 2011 på Sunnabu.

Innkallinga som var sendt ut med brev og kunngjort på www.sunnhordlendingen.no, vart godkjent.

1. Årsmeldingane for 2009 og 2010 vart opplesne og godkjende.

2. Rekneskap for 2009 og 2010 vart gjennomgått og godkjende.

3. Medlemskontingent kr. 200 pr. år vedtatt for 2011.

4. Drift av Sunnabu vart diskutert.

5. Val.

Styre

Formann: Lars Olav Tveita Kasserar: Vegard Havikbotn

Skrivar: Jan Steinar Urdshals. Styremedlem: Ronny Nedrevåg

Varamedlemer: Per Aga, Atle Jan Røyrvik, Inga Tveito.

Ettersynsmenn: Atle Jan Røyrvik og Atle Tornes.

Rådet:

Kari Årbakke 5 år Atle Tornes 4 år

Anne Sofie Totland 2 år Olav Bjørgen 1 år

.

Kirsti Havikbotn 3 år